

Førpremiere på Loenfilmen

Laurdag 6. september var nokre entusiastar og bidragsytarar til Loenfilmen samla hos Steinar Hilde i Filmdigitalisering AS på førpremiere for å sjå det endelege resultatet.



I sofaen frå venstre: Olav R. Faleide, Knut Tjugen, Jens Hogrenning, Karstein Sæten, Britt Pernille Frøholm, Ole Dag Auflem, Kay Roger Haugen. I stolen Jan Heggheim, og nærast kamera Roger Sevrin Bruland. Foto: Steinar Hilde



Steinar Hilde i Filmdigitalisering AS. Foto: Jan Heggheim

Mange bygder inst i fjorden her har fått seg sin eigen film. Siste halvanna året har det vore arbeidd med ein film for Lobygda.

På førpremieren av Loenfilmen stilte verten Steinar Hilde med drikkevarer som var verdig ei slik storhending, og den raude løparen var lagt ut. Filmen følgjer eit etablert konsept med ei film og stillbilde som er samla inn frå firma og privatpersonar. Med eitt unntak: Olav R. Faleide har lagt på kommentarar, og dette tilfører filmen ekstra kraft. Elles er alt ramma inn av vakker musikk, ikkje minst frå Lostrupane, som framfører to av «våre» songar. Innhaldet byggjer seg opp frå bedriftshistorie, via tungt alvor til meir lettliva sekvensar frå revyar, bygdakveldar og kvardagsliv. Folket i Loen og Lodalen er, snart 90 år etter siste ulukka i Lodalen, enno merkte av desse tragediane. Difor er det naturleg at dette får god plass i filmen.

Gjengen som var samla var godt fornøgde med det dei fekk sjå, og initiativtakar Knut Tjugen let vel.– Dette kan vi vere stolte av. Det er Loen Utviklingslag som står som formell eigar, men både lag i bygda og enkeltpersonar har ytt økonomiske bidrag. Den viktigaste inntekta blir likevel premieren laurdag 27. september, med ei ekstra framsyning 28. september, skriv aktørane bak filmen i ei pressemelding.

Publisert: 10. september 2025 kl. 18:00